

NVE

Steinar Pettersen

Dykkar ref.:

Vår ref.:

SUNHAK - 15/4411

Arkiv:

SII

Vår dato:

28.09.2015

Høyringsuttalar frå Vang kommune – småkraftsøknadar i Vang

Synar til utsatt frist for å kome med høyringsuttalar til dei fire omsøkte småkraftverka i Vang kommune.

Høyringsuttalane vart behandla av kommunestyret den 24.9.2015. Vedlagt følgjer samla saksframstilling og protokoll.

Med helsing

Håkon Berg Sundet
arealplanleggjar
Dir. tlf.: 61369474
E-mail:hakon.berg.sundet@vang.kommune.no

SAKSFRAMLEGG

UTVALGSSAK

Behandla av	Møtedato	Saksnr.	Saksansvarleg
Hovudutval for utvikling	08.09.2015	052/15	SUNHAK
Kommunestyret	24.09.2015	044/15	SUNHAK

ArkivsakID	JournalID	ArkivID	Saksbehandler
15/196	15/3719	S11	Håkon Berg Sundet

Vang kommune - uttale på småkraftpakke i Vang

Vedlegg:

Dok. dato	Tittel	Dok.ID
18.08.2015	Ala	83522
18.08.2015	Føssaberget	83523
18.08.2015	Gipa	83524
18.08.2015	Rysna	83525

Saksopplysninger

Det er fire søknadar om småkraftverk i Vang som no er ute på høyring. Høyningsfristen er 20.8.2015, men kommunen har fått utsett frist til 28.9.2015 slik at kommunestyret får behandla sakene.

Saksbehandling

Det er NVE som behandler søknadane for småkraftverk (inntil 10 MW¹). I høyningsbrevet ynskjer dei ei konkret attendemelding om løyve bør bli gitt eller ikkje, val av eventuelle alternativ og forslag om avbøtande tiltak. Dei ynskjer òg at høyningspartane vurderer den samla belastninga av søknadane. Kommunen blir spesielt oppmoda til å vurdere søknadane opp mot gjeldande arealplanar.

Då det ikkje lenger er krav om reguleringsplan for energianlegg, treng ikkje anlegga behandlast etter plan- og bygningslova. For å ta vare på motsegnsinstituttet i plan- og bygningslova er det gitt eigne reglar om dette i vassressurslova § 24, jf. pbl. §§ 5-4 til 5-6.

¹ En megawatt tilsvarer 1 million watt.

Om kommunen – på det aller sterkaste – ikkje ynskjer ei utbygging, må det reisast motsegn i høyringsuttala.

Søknadane

Om alle kraftverka blir realisert vil dei bidra med å dekkje det årlege straumforbruket til vel 2 400 husstandar (sjå tabell 1). Samstundes vil dei, det fyrste året, bidra med vel 1,25 mill. kr i eidegdomskatt til kommunen. Dette bidraget vil minske årleg, ettersom kraftverka blir avskrivne.

Tabell 1: Tabellen syner kva kraftverka kan produsere, kor mange husstandar denne straumen kan dekkje, utbyggingspris, kva eigedomsskatt kraftverket kan bidra med til kommunen det fyrste året (summen vil minske årleg samstundes som kraftverka vil bli avskrivne), samt dei største konflikttema utbygginga vil føre med seg.

Søknad	Årleg produksjon	Tal på husstandar dekt ²	Utbyggings-pris pr. kWh	Eigedom-skatt fyrste år ³	Største konflikt
Fosseberge	18,7 GWh ⁴	~ 900	kr 3,57	kr 460 000,-	Aure og landskap
Rysna	9,2 GWh	~ 460	kr 3,16	kr 210 000,-	Kulturlandskap og -miljø
Ala	15,1 GWh	~ 755	kr 4,02	kr 420 000,-	Landskap og bekkekløft
Gipa	5,7 GWh	~ 285	kr 4,70	kr 180 000,-	Friluftsliv og landskap

Forholda til gjeldande arealplanar

Dei fire omsøkte kraftverka sin planstatus i gjeldande planar:

- Fosseberge
Tiltaksområdet ligg i sin heilsak i LNFR-område i kommuneplanen (vedteke 18.12.2014). Ingen reguleringsplanar blir påverka av eit ev. tiltak.
- Rysna
Tiltaksområdet ligg i sin heilsak i LNFR-område i kommuneplanen. Den øvre delen av tiltaksområdet ligg i ei omsynssone: «Hensåsen med stølar». Dette området er eit av Oppland sine 13 særskilt utvalte verdifulle kulturlandskap. Ingen reguleringsplanar blir påverka av eit ev. tiltak.
- Ala
Tiltaksområdet ligg i LNFR-område i kommuneplanen. Unntaket er den nedre delen av tiltaksområdet som kjem inn på område rundt Ala Camping (avsett til «fritids- og turistformål). Ingen reguleringsplanar blir påverka av eit ev. tiltak.
- Gipa
Tiltaksområdet ligg som LNF-område i kommunedelplanen for Raudalen (vedteke 24.4.2003). Nord-vest for det planlagde kraftverksbygget er det eit område som i kommunedelplanen er sett av til eit nytt hytteområde. Sør-aust ligg ein nyleg vedteke reguleringsplan for fritidsbustader (Raudalen del av S2 og S4, vedteke 22.4.2015).

Vassforskrifta

Vannforskrifta (av 15.12.2006 nr. 1446) har som mål at alle vassdrag og kystvatn minst skal ha god økologisk og kjemisk tilstand. Det blir no arbeidd med å utarbeide forvaltningsplanar for heile nedbørsfelt, slik at ein får gjennomført tiltak for å betre situasjonen for dei vassdraga som ikkje når målsettinga.

Nye inngrep, som kan føre til at vassdraget ikkje lenger har god status, skal vurderast etter forskrifta § 12. Paragrafen listar eit sett med kriterier for å tillate nye inngrep. Denne vurderinga må gjerast av vedtaksgjerande styresmakt, her NVE.

Ein dårlegare status i eit vassdrag kan påverke kommunen sitt myndeområde, til dømes forureining; blir vassdraget høve til å reinse forureiningar (resipientkapasiteten) dårligare, til

² Rekna ut i frå eit behov på 0,02 GWh/husstand/år.

³ 7 % av investeringskostandane .

⁴ En gigawattime (GWh) er en million kilowattimer (kWh).

domes når vassføringa minkar, kan det krevje strengare reinsekrav seinare. Difor er vurderinga, jf. § 12, nemnt kort under kvar søknad.

Nett-tilknyting


Vang energiverk har vurdert nett-tilknytinga for alle dei fire omsøkte kraftverka. Om alle fire blir utbygd vil det krevje ei omfattande opprusting av 22kV nettet i sørlege delar av Vang. Det same gjeld dersom tre verk blir realisert. Dersom to blir bygd finn ein seg i eit grenseland, mens eit realisert verk kan bli knytt til nettet med berre små forsterkingar.

Disposition

Nedanfor vil kvar kraftverksøknad bli omtala. Dei positive og negative sidene ved tiltaket vil bli omtala og vurdert opp mot føreslegne avbøtande tiltak. Til sist vil rådmannen vurdere søknadane samla – slik som, og av same årsak som NVE gjer; dette fordi småkraftverka kan påverke ressursgrunnlaget lite enkeltvis, men samla kan påverknaden av dei gje eit anna bilde.

Fosseberge

Fosseberge kraftverk er planlagt i Storåni (høgde 452 m.o.h.). Vassvegen vil vere ein 80 m lang kanal, 800 m tunnel og deretter 100 m røyr til kraftstasjonen (høgde 429 m.o.h.) (sjå figur 1). Det vil bli behov for 350 m ny veg knytt til bygginga/drift av anlegget. Kraftverket er planlagt med ei effekt på 3,6 MW, og ei maksimal slukeevne på $18 \text{ m}^3 \text{ pr. sekund}^5$. Middelvassføringa i vassdraget er på $15,3 \text{ m}^3/\text{s}$. Med ei planlagt minstevassføring på $1,7 \text{ m}^3/\text{s}$, vil årleg produksjon bli 18,7 GWh.



Figur 1: Oversikt over utbyggingsområde, samt registrerte naturtyper og raudlisteartar i området (henta frå konsekvensutgreiinga).

Søkarar

Skagerak kraft AS og Clemens kraft AS (dei eig òg fallretten)


⁵ $1 \text{ m}^3/\text{s} = 1\,000 \text{ liter/sekundet (l/s)}$.

Arealbruk

Tiltaket vil ikkje leggje beslag på store areal; 22 daa midlertidig og 14 daa permanent. Ei ev. utbygging vil ikkje påverke landbruksjord i vesentleg grad. Eksisterande vegar kan brukast for å kome til inntakstad og påhugg for tunnel. Det må byggast ny veg for å kome til stasjonstomt og nedre tunnelmunning.

Vassføring

Middelvassføringa i Storåni er her $15,3 \text{ m}^3/\text{s}$. Når det er meir enn $1,7 \text{ m}^3/\text{s}$ (minstevassføringa) og kraftverkets minste slukeevne ($1,8 \text{ m}^3/\text{s}$) forbi Rogn Camping vil kraftverket vere i verksem (346 dagar i eit normalår). Er det meir enn $19,7 \text{ m}^3/\text{s}$ (maksimal slukeevne ($18 \text{ m}^3/\text{s}$) + minstevassføring) vil det gå meir vatn over terskelen (sjå raude boksar i figur 2) – ut over desse to periodane vil det i eit «normalår» ikkje gå meir enn $1,7 \text{ m}^3/\text{s}$ i Storåni på den 1,8 km lange, rørde strekninga.



Figur 2: Variasjonsmønsteret til vassføringa i Storåni i eit normalt år. (Figuren er henta i konsesjonssøknaden; dei raude boksane synar dei tider på året det vil gå meir enn $1,7 \text{ m}^3/\text{s}$ forbi terskelen ved Rogn Camping (53 dagar i eit normalår)).

Landskap

Den eksisterande terskelen nedstrøms Rogn camping er tenkt utbetra for å leie vatnet inn mot inntakskanalen. I dette området vil det vere denne inntaksdammen og oppdemminga, med noko høgare vasstand, som vil bli dominerande. Verknaden av kraftig redusert vassføring i 1,8 km av Storåni vil bli svært negativ. Elveleiet er her prega av store steinar og fjell i dagen. Ved låg vassføring renn mestedelen av vatnet mellom steinar slik at det ikkje blir noko større samanhengande vasspeglar.

Den rørde strekninga er langs E16 og Tumleøygarden rastepllass. Innsynet herifrå til den rørde strekninga vil redusere opplevingskvalitetane.

Rådmannen er kjent med at det er landskapsformasjonar med jettegryter på strykstrekninga i Fossaberge.

Terrestrisk naturmangfold

Nord for Storåni, på Fossaberge, er det registrert eit område med gammal granskog i rik mosaik med furuskog. Dette området er vurdert til å vere *svært viktig* (naturtypeverdi A –

nasjonalt viktig). Det er registrert sju raudlista artar her (lavar: elfenbenslav (EN) og sprikeskjegg (NT); soppar: sprekk-kjuke (VU), rosenkjuke (NT), rynkeskinn (NT), skaftjordstjerne (NT) og rosaskiveslørsopp (NT). Utbyggingsplanane er justert slik at dei ikkje rører fysisk med området. Men det er fuktigheitskrevjande flora i langs elva, elfenbenslaven spesielt, slik at ei redusert vassføring vil spele negativt inn, og kanskje utrydde desse førekomstane.

Ei redusert vassføring vil òg spele negativt inn for fuglar som finns i området og som er knytt til vassdraget – sumar som vinter. Til dømes finns det både hekkande fossekall og vintererle her. Redusert vassføring vil føre til auka islegging og botnfrysing som igjen vil føra til verdiminking av denne strekninga som leveområde for desse artane.

Akvatisk naturmangfald

Sjølv om det ikkje er gjort utbyggingar i Storåni, er elva allereie påverka gjennom reguleringa av Vangsmjøse; vasstanden er mindre i Storåni om sumaren enn den naturleg ville ha vore, og høgare om vinteren. Likevel blir økosystemet vurdert å fungere godt.

I konsekvensvurderinga under «fisk og ferskvatnsorganismer» står det: «Det er ikke forhold som tilsier at berørt elvestreng har verdier for fisk eller andre ferskvannsorganismer utover det som er vanlig for tilsvarende elver i regionen.» Og dei har vurdert konsekvensane av utbygginga som «liten negativ».

Det er ikkje gjort undersøkingar av aurebestanden på rørd strekning. Det er fisken som vil vere den mest skadelidande av ei utbygging, og ikkje å undersøke dette er ein alvorleg mangel med søknaden.

Få bekkar med utløp i Vangsmjøse har store gyte- og oppvekstareal for auren. Difor var – med stort sannsyn – ein del av auren i Vangsmjøse opphavleg utløpsgyterar; dei slapp seg ned i Storåni for å gyte om hausten for så å returnere til Vangsmjøse. Når Vangsmjøse blei regulert, blei det bygd ei fisketrapp i demningen. Men ein rapport frå Fylkesmannen⁶ synar at trappa ikkje fungerer slik ho skal. Med reguleringa vart den delen av auren som brukte Storåni som gyte- og oppvekstområde antakeleg borte.

Auren som lever i Storåni er ”låst” mellom dammen i Vangsmjøse og Ryfossen⁷. Likevel blir det årleg teke fleire aure av større storleik (mellom 2 og 4 kg) på strekninga. Det indikerer at det er gode forhold for ein elvelevande aurebestand der i dag.

I konsesjonssøknaden er det heller ikkje nemnd korleis ein skal søkje å oppretthalde auren sitt høve til å vandre i systemet. Ei utbetring av terskelen ved Rogn Camping vil medføre utfordringar for fiskens mogelegheit for å komme opp og forbi. Samstundes vil fisken nedstrøms kraftverket søkje mot den største vasskjelda, dvs. fisk på oppvandring vil søkje mot utslippskanalen på kraftverket, og ikkje opp elva. Søknaden seier ikkje noko om korleis denne utfordringa ev. er tenkt løyst.

Det står heller ikkje noko om kva som skal motarbeide ei tørrlegging av elva om kraftverket stoppar opp. Det kan virke som ein omløpsventil, som skal syte for at plutselige tørrleggingar av elva ikkje skjer, ikkje er vurdert installert.

⁶ Eriksen, H. og Hegge, O. (1992): Bedre bruk av fiskeressursene i regulerte vassdrag i Oppland. Fylkesmannen i Oppland, Miljøvernavdelingen. Rapport nr. 13. 91 s.

⁷ Ryfossen er eit naturleg vandringshinder for auren.

Slik planane no ligg føre vil den elvelevante bestanden av aure – etter ei utbygging – verte splitta. Vil då vassdragsøkologien vere like god, og fisket like attraktivt?

Klima

Øg her underkommuniserer konsekvensutgreiinga verknadene av tiltaket; her står det nemleg om vasstemperatur, isforhold og lokalklima på rørd strekning, at ein kan vente seg «litt større variasjon i vanntemperatur enn før, samt noe tidligere islegging». Vidare at «konsekvensene for isforhold og lokalklima antas ikke å medføre problemer».

På grunn av reguleringa av Vangsmjøse er vasstanden høg om vinteren. Med ei utbygging av Fossaberge vil vassføringa i Storåni blir redusert til 1/5 av dagens nivå i 346 dagar i året (sjå figur 2). Denne reduseringa, samt elveleiet si utforming, med mykje store steinar, vil gjere at vassnivået vil vere lågt. Følgjeleg vil vasstemperaturen søkkje, isen legge seg tidlegare og faren for botnfrysing – og innfrysing av fisk og botndyr – auke. Dette vil igjen føre til redusert produksjon og næringstilgang for auren med påfølgjande reduserte bestandar og følgjeleg dårligare fiske.

Brukinteresser

I søknaden blir det oppgjeve at området er lite brukt som turareal og at dei negative konsekvensane ved tiltaket er knytt til fiske. Rådmannen er kjent med at det går ein merka tursti frå Tveit Stadion til Tørpe bru. På denne strekninga er det òg ein «rasteplass» ved elva med både badekulp, bål- og fiskeplass. Tid og anna er det òg rafting i stryka her.

Avbøtande tiltak

- Minstevassføring: 1,7 m³/s.
- Etablering av kulpardjupål/tersklar
- Overlop som skal sikre vatn til naturdammar ved Rogn Camping.
- Leggje til rette for revegetering.

Vassforskrifta § 12

Ved ei utbygging må ein forvente ei negativ påverknad på den økologiske tilstanden i elva. Sjølv med dei avbøtande tiltaka som er nemnt, meiner rådmannen det er lite sannsynleg at måla i vassforskrifta vil bli møtt. Ulempene for vassdraget, og fisken spesielt, er betydeleg. Resipientkapasiteten på rørd strekning vil òg bli dårligare.

Diskusjon

Tiltakshavar skriv at dei vil sökje å nytte lokale entreprenørar og underleverandørar i anleggsfasen (18 månader). Dette kan gje positive ringverknader for Vang i denne tida. Men tiltaket vil ikkje føre til varige arbeidsplassar på kraftverket. Om arbeidsplassane er midlertidige, men skadeverknadene er varige, seier vannressursloven § 25 andre ledd at dette ikkje kan bli gitt for mykje vekt når konsesjonssøknaden blir vurdert.

Kraftverket vil kunne bidra med konsesjonskraft, konsesjonsavgift og skatt; i eigedomsskatt vil kraftverket i startfasen bidra med kr 460 000,- årleg (gradvis nedtrapping i takt med avskriving av anleggets verdi).

Kraftverket vil medføre ei verdiredusering av landskapet ein blir møtt med når ein kjem køyrande til/i Vang; elva vil få ein sterkt redusert vassføring og på grunn av elvas utforming vil det ikkje bli noko synleg vasspegel på strykpartia. Det er foreslege å laga djupål, tersklar og kulpardjupål for å avbøte på dette. Rådmannen meiner at det ikkje vil vere tilstrekkeleg for å hindre ei forverring. Erfaringar frå andre, liknande utbyggingar viser at slike tiltak må

vedlikehaldast jamnleg – dei blir øydelagt i flaumar, isgangar og ved sedimenttransport – og dette er vanskeleg å få til i praksis.


Rådmannen stiller spørsmålsteikn ved rapporten som skal vurdere korleis ei ev. utbygging av Fossaberge vil påverka det biologiske mangfaldet i området. Vurderingane av dei negative påverknadene verkar kraftig underkommunisert, spesielt når det kjem til fisk og ferskvatnsorganismar. Rådmannen tillater seg å minne NVE om dei krav til kunnskapsgrunnlaget som naturmangfaldlova § 8 stiller, jf. òg § 9.

Det er auren i Storåni som det vil gå hardast utover om ein byggjer kraftverket. Rådmannen er kjent med at det årleg vert teke fleire storvaksne aurar på den rørde strekninga. Dette indikerer at det – reguleringa til tross – er gode forhold for auren i elva; auren er utestengd frå Vangsmjøse og låst mellom dammen og Ryfossen. Eit nytt inngrep, som det her er planar om, vil redusere ein alt påverka aurebestand. Difor kan ikkje rådmannen skjøne korleis dette vektas som «liten negativ» påverknad, jf. konsesjonssøknaden. Spesielt ikkje når det ikkje er teke omsyn til fisken sine vandrings; aurebestanden i Storåni kjem til å bli splitta av ei utbygging og attraktiviteten til fisket vil falle bort.

Dette til tross, med den fag- og lokalkunnskapen rådmannen sit med, meiner han å ha eit godt nok kunnskapsgrunnlag til å gjere ei heilskapleg vurdering.

Rysna

Kraftverket vil nytte fallet mellom kote 625 og 476 i Rysna. Inntaket vil bli plassert om lag 50 m nedafor brua som kryssar Rysna med Fylkesveg 302 (sjå figur 3). Vassvegen vil bli 1 170 m lang og er tenkt grave ned i røyr på vestsida av elva (2 alternative trasear). Bygginga av anlegget vil i stor grad nytte eksisterande vegar i området. Middelvassføringa i elva er på 1,32 m³/s. Kraftverket er planlagt med ei installert effekt på 3,48 MW og ei maksimal slukeevne på 2,9 m³/s. Dette vil gje ein årleg produksjon på 9,2 GWh. Det er planlagt ei minstevassføring på 250 l/s i sumarsesongen (1.5.-30.9.) og 20 l/s den resterande tida.



Figur 3: Rysna kraftverk slik det er planlagt i søknaden (med alternative røygater). Dei viktige og lokalt viktige naturtypeverdiane er òg synt (henta frå konsekvensutgreiinga).

Søkarar


Grunn- og fallrettseigarar langs rørd elvestrekning.

Arealbruk

Tiltaket vil ikkje legge beslag på store areal; 27,5 daa midlertidig og 9 daa permanent. Ein del av røygata vil gå over beite- og dyrkamark. Det blir opplyst i søknaden at røyra skal bli grave ned. Etter anleggsfasen vil desse landbruksareala kunne nyttast på ny. Det er viktig at dette blir gjort på ein rett måte, slik at jorda raskt kan nyttast til produksjon att. Det blir minimalt behov for ny vegbygging for å realisere prosjektet.

Vassføring

Når det går meir enn vatn enn minstevassføringa og kraftverkets minste slukeevne (145 l/s) vil kraftverket vere i verksemد (sjå under dei grøne linene i figur 4). Sidan den maksimale slukeevna til kraftverket er $2,9 \text{ m}^3/\text{s}$ vil ein òg etter ei utbygging få fleire flaumperiodar – noko som er viktig for naturen langs den delen av elva som det blir ført vatn i frå. I eit normalår vil dette skje i 61 dagar i løpet av sumaren og hausten. Vassføringa vil vere mindre enn minste slukeevne + minstevassføringa i 142 dagar i året i eit normalår; kraftverket vil då stå.



Figur 4: Vassføringa i Rysna i eit normalt år (henta frå konsesjonssøknaden. Dei grøne linene synar kraftverkets slukeevne gjennom året. Den blåe lina synar minstevassføringa (250 l/s) om sumaren).

Klima

Den rørde elvestrekningen vil få endringar i vasstemperatur (potensielt varmare om sumaren). Sidan kraftverket vil stå i store delar av vinteren, vil ikkje ei ev. utbygging påverke vinterforholda i elva større.

Terrestrisk naturmangfald

Elvestrekninga som det blir ført vatn i frå er på 1 250 m. I influensområdet til kraftverket er det registrert tre prioriterte naturtypar:

- Bekkekloft (naturtypeverdi B – regionalt viktig),
- Slåttemark (naturtypeverdi C – lokalt viktig), og
- Rikt berg (naturtypeverdi B – regionalt viktig).

Det er berre bekkeklofta som vil få ei verdiminking ved ei ev. utbygging. Det er registrert tre raudlistearter her: kort trollskjegg (NT), hengepiggrør (NT) og smalfrøstjerne (NT). Det er berre kort trollskjegg som vil bli påverka av utbygginga. Den krev høg fuktighet og med endra habitat vil førekomensten bli redusert eller døy ut.

Det vart ikkje påvist fossekall under synfaringa til konsekvensutgreiinga, men det er mykje sannsynleg at den finns her. Redusert vassføring vil gjere elva mindre eigna som leveområde for nasjonalfuglen.

Akvatisk naturmangfald

Det er aure på rørd strekning. Det er ikkje gjort nokon undersøkjing av bestanden; aure- og botndyrbestandane burde ha vore undersøkt. Ei redusert vassføring vil kunne redusere bestanden av både aure og botndyr noko. Auren kan òg gå opp frå Storåni til den nedste

fossen i Rysna. Likevel er det forventa at Rysna sin verdi som gyeelv for Storåni-auren er redusert pga. kanaliseringa av dei nedste delene av elva.

Kulturlandskapsområde og kulturminne

Den øvste delen av tiltaksområdet strekk seg inn i det nasjonalt viktige kulturlandskapsområdet Hensåsen-Slettefellet. Dette er eit av 13 større områder som er valt ut i Oppland. Dei største verdiane i dette området er områda mellom gardane og heimstølane. Tørpegardane ligg i utkanten av dette området.

Spesielt i anleggsperioden og i den fyrste tida etter denne, før vegetasjonen har attendekolonisert området, vil inngrepa vere synleg i kulturlandskapet. Etter dette vil anlegget bli mindre synleg.

Den største konflikten som ei ev. utbyggjing av Rysna vil føra med seg er for kulturminne; område er rikt på kulturminne og SEFRAK-bygningar. I tillegg er det stort potensial for funn av ikkje-synlege kulturminne, spesielt isbm. etableringa av røyrgata til kraftverket. Røyrgata kan òg redusere verdien av kulturmiljøet rundt Belsheim gard – avhengig av val av trase. To løer, som ligg nede ved elva, kan miste noko av verdien sin og kulturmiljøet sitt ved bortføring av vatn og etableringa av røyrgata.

Totalt sett blir tiltaket med alternativ 1 (sjå figur 3) vurdert å ha «middels til stor negativ konsekvens» for kulturminne og –miljø. Dette fordi det potensielt vil krevje store undersøkingar om røyrgata skal verte lagt gjennom sentrale delar av området.

Frå eit kulturminnesynspunkt rår kulturarveininga hjå fylkeskommunen til å legge røyrgata nord og vest for gardsbygga eller helt aust i planområdet mot ravinen (røyrgate-alternativ nr. 2 i figur 3 ligg nært opp til det austre alternativet til kulturarveininga). Desse alternativa vil redusere dei negative konsekvensane vesentleg.

Avbøtande tiltak

- Minstevassføring: 250 l/s om sumaren (1.5. til 30. september) og 20 l/s i resten av året.
- Gjennom god planlegging skal ein søke å ikkje gjennomføre anleggstida i sårbare periodar for viltet (vår og forsumar).
- Legge til rette for revegetering.

Vassforskrifta § 12

Ved ei utbygging må ein forvente ein negativ påverknad på den økologiske tilstanden i elva. Sjølv med dei avbøtande tiltaka som er nemnt, er ikkje rådmannen overtydd om at måla i vassforskrifta vil bli møtt. Likevel vurderer rådmannen at fordelane med tiltaket er større enn dei ulempene utbygginga vil medføre for vassdragsmiljøet.

Diskusjon


Kraftverket vil kunne bidra med straum til vel 460 husstandar pr. år. I tillegg vil kraftverket, i startfasen bidra med kr 210 000,- i eigedomsskatt til kommunen (gradvis nedtrapping i takt med avskriving av anleggets verdi).

Kraftverket vil stå i mange dagar om vinteren, slik at produksjonen av vinterkraft er liten. Likevel; føresett at dei avbøtande tiltaka som er nemnt i søknaden blir gjennomført, vurderer rådmannen at fordelane med utbyggjinga er større enn ulempene den fører med seg for landskapet og naturmangfaldet. Alternativ nr. 2 er å føretrekkje for røyrgata, men på ein slik måte at bekkeklofta i minst mogeleg grad blir rørd. Ved å velje dette alternativet unngår ein òg å røre ved kulturminna på jordene.

Ala

Kraftverket vil nytte eit fall på 370 m i Ala. Inntaket blir plassert ved Hugastølen på kote 830. Kraftstasjonen er planlagt på kote 460, om lag 250 m nedanfor samløpet mellom Ala og Storåni (sjå figur 4). Vassvegen vil bli ført fram gjennom totalt 760 m tunnel og 790 m røyrgate; røyrgata vil krysse elva på kote 495. Middelvassføringa i Ala er på 960 l/s. Kraftverket er planlagt med ei installert effekt på 5,98 MW og ei maksimal slukeevne på 1,92 m³/s. Dette vil gje ein årleg produksjon på 15,1 GWh. Det er planlagt ei minstevassføring på 67 l/s heile året. Det svarar til alminneleg lågvassføring.

Søkarar: Skagerak Kraft AS og Arnbjørg og Kjell Hagerup. Søkarane eig òg fallrettane.



Figur 5: Oversikt over utbyggingsplanane i Ala (henta frå konsekvensutgreiinga).

Arealbruk

Tiltaket vil leggje beslag på 35,5 daa midlertidig og 8,7 daa permanent. Eksisterande skogsbilveg frå Øylo må bli utbetra opp til tunnelpåslaget (5-600 m). For å kome ned til kraftverket vil vegen ned til Ala camping bli forlenga. I dei øvre delane av tiltaket må det byggjast 450 m med nye vegar.


Røyrgata vil krysse skog og noko dyrka mark. I søknaden skriv tiltakshavar at denne skal bli grave ned slik at jord- og skogbruksaktiviteten kan vidareførast.

Vassføring

Når det går meir vatn enn minstevassføringa (67 l/s) og kraftverket sin minste slukeevne (100 l/s) vil kraftverket vere i verksemد (sjå under raud line i figur 6). I eit normalt år vil kraftverket stå pga. for lite vatn i 131 dagar. Figur 6 synar at dei fleste av «stoppdagane» vil vere i perioden 1.1. til 1.5. Er det meir vatn enn kraftverket sin slukeevne ($1,92 \text{ m}^3/\text{s}$) og minstevassføringa vil det gå meir vatn over terskelen i Ala og vassføringa blir større enn 67 l/s. Dette vil skje i 43 dagar i året i eit normalår (sjå raude boksar i figur 6).

Landskap

Om kraftverket blir bygd vil vassføringa i Ala bli redusert i store delar av året. Det visuelle inntrykket av vatn i bekkekløfta vil bli sterkt redusert. På grunn av topografiens vil inngrepene, med tunnelinnslag, massedeponi og røyrgate vere godt synlege. Massedeponiet som er tenkt etablert ($5\,000 \text{ m}^3$) vil vere spesielt dominante. I søknaden står det massane skal søkjast brukte. Samstundes står det også at noko av massane kan bli varig deponert her. Røyrgata vil også vere eit dominante element, både ned lia, men også nede ved E16 kor den skal krysse både Ala og europavegen på sin veg ned til kraftverket.



Figur 6: Vassføringa i Ala i eit normalår (henta frå konsesjonssøknaden; den røde linja synar kraftverkets slukeevne; dei røde boksane synar dei to periodane i året det vil gå meir enn 67 l/s i Ala).

Terrestrisk naturmangfold

Elveleiet i Ala som blir påverka av ei ev. utbygging er på 1560 m. Størstedelen av dette er i bekkekløfta som Ala her går i. Denne er vurdert som viktig (naturtypeverdi B – regionalt viktig). Sjølv om heile bekkekløfta ikkje er registrert, er det registrert seks raudlisteartar her (lavar: kvithodenål (NT), rustdoggnål (NT), sprikeskjegg (NT) og taiganål (VU); mosar: setertrompetmose (NT) og spiss-stråmose (DD)). Fleire av desse er fuktigheitskrevjande. Ei

utbygging og redusert vassføring vil medføre endra vokseforhold og tilbakegang eller utdøyning for desse. Følgjeleg vil bekkekløfta sin verdi bli redusert.

Heile bekkekløfta er ikkje undersøkt. Det er ein mangel ved kunnskapsgrunnlaget til søknaden. Men det er dokumentert fuktigheitskrevjande og trua flora her. Rådmannen vurderer difor at det ikkje er usannsynleg at det er fleire raudlisteartar i denne floragruppa i bekkekløfta. «Føre-var-prinsippet» i naturmangfaldloven § 9 må derfor bli tillagt vekt her.

I naturmangfaldregistreringa vart det dokumentert at fossekall og vintererle har leveområde her. Verdien av vassdraget for dei, vil bli redusert med mindre vatn. Det er registrert hekking av fjellvåk, hønsehauk og kongeørn i nærområdet.

Akvatisk naturmangfald

Det er aure i Ala. Det er ikkje gjort undersøking av bestanden isbm. konsesjonssøknaden. Redusert vassføring vil redusere levekåra for både auren og botndyr i elva.

Klima

Den rørde elvestrekningen vil få endringar i vasstemperatur (potensielt varmare om sumaren – dette pga. redusert vassføring). Sidan kraftverket vil stå i store delar av vinteren, vil ikkje ei ev. utbygging påverke vinterforholda i elva større.

Brukinteresser

Bekkekløfta ligger utilgjengeleg til. Frå Hugastølen er det ein merka sti ned til Alagilet. Her er det òg eit utsiktspunkt til fossen. Friluftslivsopplevinga vil bli redusert her om vassføringa i Ala blir mindre.

Avbøtande tiltak

- Legge til rette for revegetering.
- Minstevassføring: 67 l/s
- I anleggsperioden skal det tas omsyn til vilt.

Vassforskrifta § 12

Ved ei utbygging må ein forvente ei negativ påverknad på den økologiske tilstanden i elva. Sjølv med dei avbøtande tiltaka som er nemnt, er ikkje rådmannen overtydd om at måla i vassforskrifta vil bli møtt. Ulempene for vassdragmiljøet, den fuktigheitskrevjande floraen spesielt, er betydeleg.

Diskusjon


Kraftverket vil kunne bidra med straum til vel 755 husstandar pr. år. I tillegg vil kraftverket, i startfasen bidra med kr 420 000,- i eigedomsskatt til kommunen. Utbyggingskostnadene ved dette tiltaket er dei *nest* høgste av dei fire omsøkte verka i Vang (sjå tabell 1).

Sidan vassføringa i Ala er lita om vinteren, vil eit kraftverk her stort sett berre bidra med sumarkraft. Mengda vinterkraft er beskjeden. Dei største ulempene ved tiltaket er dei landskapsmessige; inngrepa er store og i eit krevjande terreng. Dette vil gje vesentlege dårligare landskapsverknad. Bekkekløfta, som ikkje er grundig undersøkt, husar sannsynlegvis ein fuktigheitskrevjande flora med fleire raudlista artar. Denne vil òg bli skadelidande ved ei ev. utbygging. «Føre-var-prinsippet», jf. naturmangfaldloven § 9, må tilleggjast ekt her, då ein ikkje har tilstrekkeleg kunnskap til å vurdere konsekvensane utbygginga vil ha for økosystemet i bekkekløfta.

Rådmannen stiller òg spørsmålsteikn med samfunnsnytta av tiltaket. Han meiner at dei negative konsekvensane som tiltaket førar med seg for landskapet og økosystemet i bekkekløfta er større enn dei positive aspekta utbygginga (kraftproduksjonen) vil føre med seg.

Gipa

Kratverket vil nytte eit fall på 270 høgdemeter i Gipa – frå inntaket på 980 m.o.h. til kraftstasjonen på 710 m.o.h. Vassvegen vil bli 1 520 m lang og nedspregnd i grøft (sjå figur 7). Det skal byggjast ein midlertidig anleggsveg til inntaket og permanent veg til kraftstasjonen (200 m). Middelvassføringa er 410 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1,24 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,7 MW, og vil etter planane produsere 5,7 GWh årleg. Det er planlagt ei minstevassføring på 50 l/s i sumarsesongen (1.5.-30.9.) og 10 l/s den resterande tida. Dette er på nivå med dei utrekna 5-persentilverdiane⁸.



Figur 7: Utbyggingsplanane for Gipa kraftverk (henta frå konsesjonssøknaden).

Søkarar

Norsk Grønnkraft AS (leigar fallrett av lokale grunneigarar).

Arealbruk


Tiltaket vil leggje beslag på 47,5 daa midlertidig og 1,2 daa permanent. Røyrgata og midlertidige anleggsvegar er dei tiltaka som krev mest midlertidige areal. Røyrgata kryssar dyrkbar mark sør for Kjøsastølen. Røya skal bli grava ned, slik at ev. framtidig bruk av desse areaala til jordbruksformål fortsatt kan skje.

⁸ 5-persentilnivået: vassføringa som blir overskride i 95 % av tida; uttrykket er eit betre bilet av vassføringa enn ‘alminnelig lavvannsføring (som det er skreve i søknadane).

Vassføring

Når det går mindre vatn enn minstevassføringa (50 l/s om sumaren og 10 l/s om vinteren) og kraftverkets minste slukeevne (50 l/s) vil kraftverket stå (sjå figur 8). I eit normalt år er det berekna at dette vil skje i 196 dagar i året. Størstedelen av desse dagane det ikkje blir produsert straum, er i frå slutten av oktober til slutten av mai. Eit ev. kraftverk vil derfor ikkje produsere vinterstraum av nokon storlek.

Samstundes vil det vere 34 dagar med meir vatn enn kraftverket kan ta inn. I desse dagane vil det gå meir enn respektivt 10 l/s og 50 l/s vatn i fossen i Gipa.



Figur 8: Berekna vassføringa i Gipa i eit normalt år før og etter ev. utbygging (henta frå konsesjonssøknaden; grøn line synar kraftverkets slukeevne; lilla synar minstevassføringa).

Landskap

Den øvre delen av røyrgata vil bli utfordrande å etablere. Traseen må leggast på ei nyanlagt – utsprengt – hylle i fjellsida over Gipagjelet. Anleggsveg og røyrgate vil bli søkt tilbakeført til opphavleg terrengr. Til desse inngrepa er revegetert, vil dei medføre eit betydeleg landskapsverknad.

Tiltaket vil røre eit område som pr. i dag er inngrepsfritt. Dette området er i øvre del av influensområdet og er eit INON område i sone 2 (3-5 km frå nærmeste tyngre inngrep) på 0,9 km².

Terrestrisk naturmangfold

Elveleiet i Gipa som blir påverka av ei ev. utbygging er på 1 900 m. Utbygginga rører ved fleire registrerte naturtypar:

- Ur og rasmark (naturtypeverdi A – nasjonal verdi)
- Skogbekkekløft (naturtypeverdi C – lokal verdi)
- Bjørkeskog med høystauder (naturtypeverdi B – regional verdi)

Det er «ur og rasmarka» som tiltaket vil fysisk røre ved; den fuktighetskrevjande fossesprøytsa her vil bli negativt påverka ved at vassføringa blir mindre. Utbygginga vil òg redusere verdien av bekkekløfta, men denne har låg verdi i utgangspunktet. Det er ikkje registrert raudlista arter her.

Det er registrert vintererle langs vassdraget. Utredar forventar òg at det er fossekall her – utan at denne vart påvist under synfaringa. Ei reduser vassføring vil redusere vassdraget som leveområde for desse fuglane.

Akvatisk naturmangfald

Det er aure på rørd strekning av Gipa. Ein må forvente at både auren og dens byttedyr (botndyr) blir påverka negativt av redusert vassføring.

Brukinteresser

Raudalen er eit utviklingsområde i kommunen. Kommunedelplanen frå 2003 synar kommunens visjon for området og utviklinga rundt skitrekket. Nordvest for kraftverket er det sett av eit område for eit nytt hyttefelt og i sør er ein nyleg vedteken reguleringsplan, òg denne for utbygging av hytter. Vinterstid er følgjeleg aktivitetane i området knytt mot ski og fjell. Sumartid er det færre tilrettelagde aktivitetar. I Gipagelet blir det arrangert juvvandringar, og det er fleire merka turstigar langsmed gjelet, til dømes opp mot Raudhorn. Det er eit visst fiske i Gipa frå samlopet med Rauddøla og opp mot den gamle stølsvegen. Dette synar at området er i bruk. Ei utbygging vil redusere verdien av dette området for friluftslivet til dei som oppheld seg i dette utviklingsområdet.

Klima

Den rørde elvestrekningen vil få endringar i vasstemperatur (potensielt varmare om sumaren). Sidan kraftverket vil stå i store delar av vinteren, vil ikkje ei ev. utbygging påverke vinterforholda i elva større.

Avbøtande tiltak

- Minstevassføring: 50 l/s i perioda frå 1.5. til 30.9 og 10 l/s i perioda 1.10 til 30.4.
- Nettiknyting via jordkabel
- Ventilasjonsopningar i kraftverksbygget skal plasserast bort frå hytter og veg
- Skog skal sparast rundt kraftverksbygget
- Revegetering med stadlege massar
- Oppsetting av fuglekassar for fossekall og ev. andre fuglar.

Vassforskrifta § 12

Ved ei utbygging må ein forvente ei negativ påverknad på den økologiske tilstanden i elva. Sjølv med dei avbøtande tiltaka som er nemnt, er ikkje rådmannen overtydd om at målsettinga i vassforskrifta om minst god økologisk tilstand vil bli møtt.

Diskusjon

Saman med Grindafjell og Tyinkryssset er Raudalen eit prioritert utviklingsområde i Vang. Dette må tilleggjast vekt her. Brukarinteressene i området, store inngrep i landskapet rundt Gipagelet og høge utbyggingskostnadene må bli vegd opp mot kraftproduksjonen.

Kraftverket vil kunne bidra med straum til vel 285 husstandar pr. år. I tillegg vil kraftverket, i startfasen bidra med kr 180 000,- i eigedomsskatt til kommunen. Utbyggingskostnadene ved dette tiltaket er det høgste av dei fire omsøkte verka i Vang (sjå tabell 1). Her er utbyggingskostnadane stipulert til kr 4,70 pr. kWh. Dette er kr 1,64 meir pr. kWh samanlikna med det rimeligaste prosjektet i Vang i denne småkraftpakka (Rysna).

Rådmannen meiner at den kraftproduksjonen Gipa kan gje, ikkje vil svara seg når ein tek området i betraktning. Dette er eit utvald utviklingsområde for kommunen. Her skal ein selje hyttetomter med høve til friluftsliv og -aktivitetar. Rådmannen meiner då at prosjektet kjem i konflikt med kommunen sitt mål for området.

Samla vurdering

Det er utøvande styresmakt som skal gjere vurderinga av naturmangfaldloven sine prinsipp, jf. § 7, jf. øg §§ 8-12. Det er svakheiter og manglar i konsekvensutgreiingane til konsesjonssøknadane – spesielt for Fosseberge, men øg ved Ala sin. For Fosseberge er konsekvensane utbygginga vil føre med seg for aure og vinterklima både mangelfullt undersøkt, men øg underkommunisert. Samstundes har ikkje bekkekløfta i Ala blitt undersøkt heile vegen. Den fuktigheitskrevjande floraen ein har funne, tydar på at det kan finnast meir der. For desse punkta må NVE vurdere om ikkje «føre-var-prinsippet» i § 9 slår inn. Med sin fag- og lokalkunnskap meiner rådmannen at han likevel har eit godt nok kunnskapsgrunnlag, jf. § 8, til å fremme eit forslag til vedtak i desse fire sakane.

Der NVE gjev konsesjon må miljøforsvarlege teknikkar, jf. § 12, innarbeidast som konsesjonsvilkår. Det same må heimlar til å få gjennomført oppfølgjande undersøkingar og tiltak for å avgrense skadeverknader, jf. § 11.

Vang kommune har ein betydeleg del regulerte vassdrag. Med rådmannens forslag til vedtak meiner ein å ta omsyn til den samla belastninga produksjonen av fornybar, samfunnsnyttig energi medfører på økosystema i kommunen, jf. § 10.

Utbyggingane vil potensielt gje kommunen inntekter i form av eigedomsskatt. I anleggsperioden kan dei øg gje arbeidsplassar til lokale entreprenørar. Men i driftsfasen vil ingen av dei gje varige arbeidsplassar. For fleire av søknadane er fallrettane eigm eller leigd av større selskap med tilhaldsstad utanfor Vang. Men mellom søkjearane er det øg lokale grunneigarar som står bak.

Etter ei heilskapleg vurdering meiner rådmannen at utbygginga av Fosseberge medfører så store konsekvensar for landskapet og naturmangfaldet i og nær Storåni at han rår kommunestyret til å reise *motsegn* mot utbygginga.

Det er likskap mellom Rysna og Ala idet dei begge renn gjennom ei bekkekløft på den strekninga utbygginga vil skje. Vassføringa er større i Rysna enn i Ala, men fallhøgda til Ala er større, slik ein får produsert meir straum pr. liter her. Etter ei utbygging i Rysna vil det fortsatt vere meir vatn i elva enn kraftverket kan ta (slukeevne+minstevassføring) i 61 dagar om sumaren/haust (mot 41 dagar i Ala); desse «flomperiodane» vil vere viktig for økosystemet i bekkeløfta. For båe er vassføringa så låg i vinterhalvåret at dei ikkje vil produsere vinterstraum av nokon storleik. Inngrepa i landskapet vil vere vesentleg mindre synleg om Rysna blir bygd ut samanlikna med Ala. Dette er øg tydeleg når ein samanliknar utbyggingskostnadane til dei to; Ala kostar kr 0,86 meir pr. kWh enn Rysna – som er det rimeligaste av dei fire prosjekta. Bekkekløfta til Ala husar øg ein rikare, fuktigheitskrevjande flora enn Rysna si.

I Rysna meiner rådmannen at ein balanserer omsynet til naturmangfaldet, kulturminne og kraftproduksjon godt om røyrgatealternativ nr. 2 blir valt. Rådmannen anbefaler utbygginga.

Samstundes rår rådmannen kommunestyret til ikkje å rá NVE til å gje konsesjon til utbygginga av Ala. Her meiner han at dei positive sidene med utbygginga ikkje svarar seg i høve til dei negative, då inngrep og sår i landskapet og bekkekløfta vil bli store.

Saman med Grindafjell og Tyinkrysset er Raudalen peika ut som utviklingsområder for kommunen. Også her vil vassvegen til eit ev. kraftverk påføre landskapet store inngrep og sår. Dette vil påverke høve til friluftsliv i Raudalen mykje. Samfunnsnytta med kraftverket blir

vurdert som liten – høge kostnadar pr. kWh og liten kraftproduksjon, særleg vinterkraft. Rådmannen meiner dette ikkje går overeins med kommunen sin visjon for området, og rår kommunestyret til ikkje å rá NVE til å gje konsesjon.

Framlegg til vedtak:

Vang kommune fremjar motsegn mot at det blir gjeve konsesjon for den omsøkte utbygginga av Fossaberge kraftverk. Motsegna er heimla i vassressursloven § 24, og grunngjeven med omsyn til naturmangfaldet på rørd strekning og vassforskrifta § 12.

Vang kommune rår NVE til å gje konsesjon for utbygging av Rysna, og at alternativ 2 for røyrgatetrase blir valt. Vidare rår Vang kommune til at dei avbøtande tiltaka som er omtala i konsesjonssøknaden, saman med standardvilkår, blir konsesjonsvilkåra for utbygginga.

Samstundes frårar Vang kommune NVE å gje konsesjon for utbygging av Ala og Gipa. Dette på grunn av ei heilskapleg vurdering av den låge kraftproduksjonen – vinterkraft spesielt – vegd opp mot dei store negative påverknadene desse utbyggingane vil føre med seg. For Ala vil ei utbygging gjere stor skade for landskapet og naturmangfaldet i bekkekløfta. For Gipa vil det bli store konfliktar med brukarinteresser, landskapet og utviklingsområdet i Raudalen.

Saka vart behandla i Hovudutval for utvikling 08.09.2015

Leif Søndrol vart erklært inhabil og deltok ikkje i behandlinga.

HU-052/15 Vedtak:

Som framlegget, samrøystes.

Saksordørar: Grete Aasheim.

Saka vart behandla i Kommunestyret 24.09.2015

Behandling:

Saksbehandlar Håkon Berg Sundet var tilstades i saka, orienterte og svara på spørsmål.
Det kom synspunkt på at det burde ha vore laga separate saker på kvar utbygging.
Rådmannen merkar seg dette i samanliknbare saker.
Det kom fram at det hadde vore til dels stygge personangrep både på saksbehandlar og medlemmer av hovudvalet for deira behandling av saka. Det vart gjeve klar beskjed om at slik framferd er uakseptabel i Vang kommune.

KS-044/15 Vedtak:

Frå felles gruppemøte la Helge Lajord fram følgjande forslag:

Vang kommune tilrår at det blir gjeve konsesjon til Rysna, Ala og Gipa.
For Fosseberget kraftverk kan det ikkje gjevast konsesjon i.h.h.t. søknaden.

Ved alternativ votering over dei to framlegga i saka, vart framleggget frå Helge Lajord vedteke, samrøystes.

Inabilitet:

Aud Irene Hamre Rogn og Leif Søndrol stilte spørsmål om eigen habilitet som berørte grunneigarar i saka. (Dei gjekk ut av møtet under behandling av dette spørsmålet.)

Vedtak:

Aud Irene Hamre Rogn og Leif Søndrol er inhabile etter § 6,1. ledd. Samrøystes.
Rådmannen orienterte kommunestyret om at han hadde vurdert habiliteten sin i lys av at han eig to jordstykke i nærheten/ nedanfor der kraftanlegget blir. Han kan ikkje sjå seg berørt av anlegget i korkje positiv eller negativ lei, og han har difor konkludert med at han er habil i saka.

S